



Remi Jarle Helland
Mangersnesvegen 63
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1356 - 22/73836

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
26.09.2022

Svar på førespurnad om gebyr - gbnr 445/327 Manger nedre

Tiltak: bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 445/327
Tiltakshavar: Remi Jarle Helland
Ansvarleg søkjar: Remi Jarle Helland

Svar på førespurnad om gebyr

Syner til førespurnad om gebyr i tilknytning til vedtak datert 06.07.2022.

Byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6 viser til tilfelle der gebyr kan verte redusert eller falle vekk grunna brot på sakshandsamingsfrist. Regelen viser til at ved brot på fristane i SAK10 §7-4 bokstav a) og pbl.§21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen betale tilbake gebyr.

Pbl.§21-7 første og fjerde ledd viser til tidsfrist for saker som skal avgjerast innan 12 veker. SAK10 §7-4 a) viser vidare til tidsfrist for søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova, som òg er sett til 12 veker.

Det er i den konkrete saka tale om ei sak med sakshandsamingfrist på 3 veker jf. pbl.§21-7 tredje ledd. Søknad vert dermed ikkje omfatta av SAK10 §7-6, som viser særskilt til saker omfatta av pbl.§21-7 første og fjerde ledd, samt SAK10 §7-4 a).

Gebyr er dermed ikkje redusert i den konkrete saka, og er sett etter gebyrregulativ for Alver kommune.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Christel Villanger Håland

Remi Jarle Helland

Mangersnesvegen 63

Mangersnesvegen 63

5936

5936

MANGER

MANGER